

Brannvarslingsanlegg i sauefjøs – når er det openbart unødvendig

Oppdatert: 28.12.2016

Mattilsynet har kome fram til ei ny tolking om når brannvarslingsanlegg i husdyrrom for småfe kan vurderast å vere openbart unødvendig (Jf. Forskrift om velferd for småfe § 16, 3.ledd.) Den nye tolkinga blir lagt til grunn ved tilsyn med brannsikring i småfefjøs.

Næringsorganisasjonane er varsla om den nye tolkinga som er følgjande:

1. Driftsform med løyve til hald av småfe utan opphaldsrom i samsvar med forskrift om velferd for småfe § 18

Krav til driftsforma går fram av § 18 i forskrift om velferd for småfe.

2. Driftsform med utedrift i samsvar med forskrift om velferd for småfe § 17, og med husdyrrom i ein frittstående bygning som berre er husdyrrom for småfe.

Bygning som oppfyller følgjande vilkår:

- Oppført som uisolert leskur der ein større del av veggen er open.
- Dyra kan lett og utan hindring, kome ut av og så langt bort frå bygningen at dei ikkje vert skadde av eld og varme med meir.
- Oppført, utstyrt og halden vedlike i samsvar med forskrift om velferd for småfe kap. III, med unntak av § 10, bokstav e (Jf. § 17, 1.ledd), og § 16, 3. ledd.

3. Driftsform med husdyrrom for småfe i ein frittstående bygning som berre er husdyrrom for småfe, og utan utedrift i samsvar med forskrift om velferd for småfe § 17.

Det skal bu folk på driftseininga. Frå våningshuset bør det vere utsikt til driftsbygningen.

Driftsopplegget bør omfatte ein plan for brannberedskap i samsvar med bransjestandard. (Jf. Norsk Sau og Geit sin handlingsplan for dyrevelferd i sauehaldet).

Bygning med inntil 100 m² stor golvflate, som bare blir brukt som husdyrrom for småfe, og som oppfyller følgjande vilkår:

- Oppført, utstyrt og halden vedlike jf. forskrift om velferd for småfe, kap. III, med unntak av § 16, 3. ledd. Dokumentasjon på at fagleg kontroll av det elektriske anlegget er gjennomført (Jf. § 16, 2. ledd) må kunne framleggast.
- Oppført slik at dyra kan gå fritt ut og inn gjennom minst to store opningar.
- Opningane bør vere minst 1,5 m breie.
- Vegen ut bør vere utan hindringar, og dyra bør vera vande til å gå ut og inn gjennom desse opningane.
- Uteområdet utanfor bygningen bør vere så stort at dyra i tilfelle brann kan kome seg så langt vekk frå bygningen at dei ikkje vert skadde av eld og varme m.m.
- Uteområdet bør vere utan særlege hindringar, m.a. utan store snømengder.
- Oppført i brannsikker avstand til andre bygningar, jf. plan- og bygningslovens forskrifter.
- Enten utan elektrisk straum, eller med elektrisk opplegg utan andre

installasjonar enn vanlig elektrisk lys. Strauminntak og sikringar bør vere i lukka skap og det bør vere montert overspenningsvern og jordfeilbrytar.

- Utstyr som kan forårsake brann bør ikkje oppbevarast eller brukast utan under særleg tilsyn (Varmelamper, vifter, lodde- eller sveiseutstyr, kjøretøy, brannfarlege væsker mm.).

4. Driftsform med husdyrrom for småfe i ein del av ein større bygning

Drifta og husdyrrommet bør oppfylle same krav som under punkt 3.

Bygning med inntil 200 m² stor grunnflate, som inneheld eit husdyrrom for småfe med inntil 100 m² golvflate, og som fyller følgjande vilkår:

- Bygningen bør vere oppført og utforma i samsvar med plan- og bygningslovens forskrifter om brannsikring. Dokumentasjon på dette frå kommunal etat må kunne framleggjast. Bygningen bør ikkje ha fleire husdyrrom, eller oppstalling av fleire dyrearter.
- Bygningen bør ha røykluker eller røykventilasjon i yttertak (Jf. anbefalingar frå Landbrukets brannvernkomité).
- Husdyrrommet i bygningen bør vere bygd som eiga branncelle som tilfredsstillir krava til brannklasse 1 i plan- og bygningsloven (Jf. anbefalingar frå Landbrukets brannvernkomité). Dokumentasjon på dette frå kommunal etat må kunne framleggjast.